



Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden

Dokumentasjonsvedlegg til forslag om freding

Innhald

1. Skildring.....	4
1.1 Kartutsnitt som syner plasseringa av Wittgenstein sitt hus	5
1.2 Omgjevnadane	6
1.3 Eksteriør	6
1.4 Interiør	7
2. Historikk.....	8
2.1 Ludwig Wittgenstein	8
2.2 Første reise til Noreg	10
2.3 Opphaldet i Skjolden 1913-1914.....	12
2.5 Første verdskrig og mellomkrigstida.....	14
2.5 Opphaldet i Skjolden 1936-37	16
2.6 Åra 1937-51.....	17
3. Wittgenstein og Skjolden	18
4. Stadane der Wittgenstein budde i Skjolden.....	19
4.1 Klingenberguset	19
4.2 Hotellet ved Eide gard	20
4.3 Huset ved Eidsvatnet	22
5. Huset etter Wittgenstein sin død.....	24
6. Tilbakeføringa av huset på opphavleg plass	25
7. Kulturhistorisk vurdering	26
Historisk kjeldeverdi	26
Opplevingsverdi	27
Bruksverdi	27
Oppsummering.....	27

8.	Tilstand	27
9.	Kjelder	27

Framsidedfoto av Karoline Hareide Breivik/SFFK 2019

1. Skildring



Figur 1. Ludwig Wittgenstein sitt hus ved Eidsvatnet i Skjolden. Foto. A. Bidne/SFFK 2019

Skjolden ligg inst i Lustrafjorden som er ein sidefjord til Sognefjorden. Den vesle tettstaden er omkransa med fjell og på Wittgenstein si tid var det fjorden som var hovudvegen inn til Skjolden. Området i dag er prega av jordbrukslandskap samt ein cruisekai og overnattingsstadar for turistar.

I dag er det lett å oppfatte Skjolden som ein heller avsides plass der bygda ligg innerst i Lustrafjorden med lange avstandar til næraste større by. Men rundt førre hundreårskifte, med fjorden som hovudferdselsveg, var ikkje Skjolden så avsides som vi oppfattar staden i dag. På 1800-talet var Skjolden ei viktig hamn for dei indre delane av Luster og for delar av Nord-Gudbrandsdalen. Etter at jernbanen frå Otta til Eidsvold kom i 1896 minka handelstrafikken frå Nord-Gudbrandsdalen, men den vart erstatta av ein stadig aukande turisttrafikk, der den europeiske overklassen skulle oppleve det ville og dramatiske Noreg.




Figur 2. Skjolden 2018. Klingenbergshuset er sentralt i bildet bak Drægni si handelsbu (nede til venstre) Ved sida av Klingebherghuset står Storehuset til H. Drægni. På sitt første besøk i Skjolden i 1913 leigde Wittgenstein rom i Klingenbergshuset. Foto: A. Bidne/VLFK 2018

1.1 Kartutsnitt som syner plasseringa av Wittgenstein sitt hus



Figur 3. Oversiktskart over Sognefjorden. Skjolden er merka av med raud runding. Kartutsnitt frå www.fylkesatlas.no



Figur 4. Kart som viser Wittgenstein sine bustadar i Skjolden. Dei tre bustadane er merka med raudt og namn, Klingenberghuset, Hotellet på Eide gard og hytta ved Eidsvatnet. Kartutsnitt frå www.fylkesatlas.no

1.2 Omgjevnadane

Wittgenstein sitt hus ligg på ei lita hylle over Eidsvatnet. Tomta er bratt og utilgjengeleg så det var behov for å bygge ein eigen sti opp til den frå Eidsvatnet. Stien er delvis mura i tørrmur med lokalstein og slynger seg bratt opp til huset. Nede ved vatnet hadde han ein landingsplass for båten som han brukte for å ro over Eidsvatnet for å kome til huset.

Hylla huset står på er lita og sannsynlegvis vart den noko utvida i samband med at han bygde huset. Resten av tomta er svært bratt og ein sti går opp til ei lita hylle der han hadde taubana for å frakte opp vatn og varer til huset. Taubana er i dag rekonstruert. Her er det og sett opp ei flaggstang i seinare tid. Nord for huset går det ein sti litt nedover til der utedoen var plassert. Det er i dag bygd opp ein ny utedo på same tomte.

I dag er det mykje vegetasjon i det bratte terrenget. På den tida Wittgenstein bygde huset var det mindre vegetasjon rundt huset då området vart brukt til beite.

1.3 Eksteriør

Wittgenstein sitt hus er eit enkelt tømmerhus som er panelt på nordsida, og har ein nærast kvadratisk grunnplan. Huset er i 1 ½ etasje med saltak tekka med lappskifer. Huset har store takutstikk med synlege sperrer. Pipa er plassert på sørsida av mønet om lag midt på huset. Den er i pussa tegl og har ein helle med ein stein på som pipehatt. Møneretninga er aust-vest og gavlen mot vest er hovudfasaden med utsikt over Eidsvatnet mot Skjolden. Fasaden mot aust er symmetrisk oppbygd med to to-rams vindauga med åtte ruter i kvar ramme i første etasje. Vindauga er utstyrt med ein utvendig lem som kan heisast opp framfor vindauga for å beskytte dei. I andre etasje er det ein smal veranda som går langs heile fasaden. Taket er strekt ut over verandaen slik at den vert overbygd. Verandaen er omkransa med eit enkelt rekkverk i tre. Døra ut til verandaen er ei enkel fyllingsdør som er plassert i same akse som mønet. På kvar side av døra er det eit to-ramsvindauga med ei rute i kvar ramme.

Langveggen mot sør er den første som møter ein når ein kjem opp stien. Vi ser her tydeleg korleis grunnmuren fyl terrenget ved at den er svært høg mot vest, og så skrånar inn mot ingenting mot aust. Veggene her har synleg tømmer og to to-rams vindauga med åtte ruter.


Gavlveggen mot aust har og synleg tømmer og det er her inngangsdøra til huset er plassert. Døra er plassert noko mot sør, og det er ingen vindauga i første etasje på denne vegg. I loftsetasjen er det tre eitt-ramsvindauga med ei rute i kvar ramme som er symmetrisk plassert, med det midterste i aksen frå mønet.

Langveggen mot nord er lik langveggen mot sør, med skrånande grunnmur og to to-ramsvindauga med åtte ruter. Forskjellen mellom sør og nordveggen er at nordveggen er kledd med liggande kledning for å beskytte tømmeret bak.

1.4 Interiør

Planløsning

Huset er lite og har ei enkel planløsning. Første etasje består av tre rom: stova, kjøkken og soverom. Loftsetasjen består av eitt rom. Huset har direkte inngang utanfrå inn i stova, og i stova er òg trappa opp til loftet.



Figur 5. Skisse over planløysinga henta frå Vatne s. 51.

Plasseringa av dør og trapp er ikkje heilt korrekt i skissa. Trappa er plassert heilt i hjørnet til høgre og ytterdøra er plassert omlag midt på veggene i stova.

Stove

Frå ytterdøra kjem ein direkte inn i stova. Stova er eit rektangulært rom med brunmåla tregolv. Veggane har umåla panel, her er det ei blanding av gammalt panel og ny panel slik at det er lett å sjå kva bord som er brukt om att og kva som er nytt. Taket har synlege bjelkar, og både dei og himlingen er umåla. Stova har tre vindauga, to på langsida mot sør og eitt i gavlen mot vest med utsikt over Eidsvatnet. Vindauga og karmar er måla kvite. På langveggen mot nord er det ein rundovn med pipa, og det er ei fyllingsdør på kvar side av denne ovnen. Rundovnen er ein eldre ovn som vart kjøpt inn i samband med tilbakeføringa av huset. Den skal vere av omlag same type som var her opphavleg. Dørene går inn til kjøkkenet og soverommet. Trappa opp til loftet er plassert i hjørnet mellom sørveggen og gavlveggen mot aust. Det er ei enkel smal og bratt tretrapp med eit lite repos, trappa er umåla.

Benken i stova er det einaste av laust inventar som stod i huset då Wittgenstein budde i her.

Kjøkken

Kjøkkenet har umåla tregolv. Tre av veggane er kledd med umåla panel, medan veggan mot nord har synleg umåla tømmer. Taket har synlege bjelkar, både bjelkane og himlingen er umåla. På veggan mot nord er det eitt vindauga, der vindauga og listverk er kvitmåla. I hjørnet mot pipa er det montert ein vedkomfyr, brannmuren er i umåla pussa mur. Av fast inventar er det her ei veggfast hylle, av laust inventar er ein låg liten kjøkkenbenk og eit umåla kråskap ved sidan av vindauga. Kråskapet stod i huset då Wittgenstein budde her, men det er usikkert i kva rom det stod då. Vedkomfyren, vegghylla og kjøkkenbenken kom til etter at huset vart ført opp att i 2019.

Soverom

Soverommet ligg nord for stova og med utsikt over Eidsvatnet. Rommet har eit brunmåla tregolv. Tre av veggane er kledd med umåla panel og nordveggen består av synleg umåla tømmer. Taket har synlege bjelkar, og både bjelkane og himlingen er umåla. Soverommet har to vindauga eitt mot nord og eitt mot aust med utsyn over Eidsvatnet. I veggan mot vest er det ein brannmur som er pussa men ikkje måla. Senga er det einaste møbelet som var her medan Wittgenstein budde i huset.

Loft

Loftet består av eitt ope rom med umåla tregolv. Skråtaket går heilt ned til golvet og det har synlege sperrer og sutak, begge delar umåla. Gavlane er kledd med umåla panel, i gavlen mot aust er noko av den opphavlege panelen brukt om att medan resten av panelen er ny. Det er tre vindauga i gavlen mot aust og to i gavlen mot nord, vindauga og listverk er måla kvite. Rommet har ei fyllingsdør som leiar ut til verandaen i vestgavlen. Om lag midt i rommet er det ei upussa teglpipe.

2. Historikk

2.1 Ludwig Wittgenstein

Ludwig Wittgenstein var fødd i 1889 som den yngste i ein søskenflokk på åtte. Faren, Karl Wittgenstein, var ein av dei leiande personane innan stålindustrien i dobbeltmonarkiet Austerrike-Ungarn. Familien var kulturelt interessert og delar av familien sin formue vart brukt til å støtte lovande kunstnarar.

I 1903 flytta Wittgenstein til Linz for å begynne på realskule og etter at han var ferdig der drog han i 1906 til Berlin-Charlottenburg for å studere ved Technische Hochschule som var rekna som den beste og mest anerkjende av dei tekniske høgskulane i Tyskland. Her studerte han til maskiningeniørfag og sannsynlegvis aeronautikk. Etter eksamen i 1908 drog han vidare til universitetet i Manchester for å studere matematikk, dynamikk og flyteknikk, i tillegg til teoretiske studie innan matematikk og fysikk. Manchester var eit mindre universitet og det var her ein kultur for å arbeide på tvers av faga, der mange laga sitt eige forskingsutstyr og professorane var tilgjengelege for studentane.

I Manchester vart Wittgenstein ven med William Eccles og i korrespondansen mellom dei finn vi dei første uttalane frå Wittgenstein knytt til arkitektur og innreiing. Dette var i samband med at Eccles skulle innreie sin nye bustad. Både Eccles og Wittgenstein var einige om å kutte ut all unødig dekor. I

diskusjonane om klesskap til Eccles framheva Wittgenstein at den horisontale fjøla som skil øvre og nedre fylling måtte vere plassert i midten av døra slik at topp- og botnpanela vart like store.¹ Dette er eit trekk som vi også finn att i dørene på Wittgensteins hus i Skjolden, der dei fire fyllingane er like store og tverrfjøla er plassert midt på døra. Dette er ikkje vanleg i området då ein som oftast har litt større fyllingar i nedste feltet på dørene.

Medan han var i Manchester, vart han opptatt av filosofiske problemstillingar knytta til matematikkfeltet. Sommaren 1911 var han i Wien og oppsøkte Gottlob Frege ved universitet i Jena og vart av han råda til å dra til Cambridge for å studere under Bertrand Russell. Wittgenstein fylgde rådet og 18. oktober 1911 dukka han uanmeldt opp på Russell sitt kontor. Dette vart starten på ein langt venskap i tillegg til arbeid, som mellom anna er skildra i dei mange breva Russel skreiv til lady Ottoline Morell. I februar 1912 vart Wittgenstein tatt opp ved Trinity College med Russell som rettleiar. Då han var tatt opp ved Trinity fekk han og leige seg eit rom til å bu i ved colleget. Han overtok George Edvard Moore sine rom i K. 10 i Whelvels Court, der romma var plassert i toppen av eit viktoriansk gotisk tårn lengst vekk frå hovuddelen av colleget.²

Her kunne Wittgenstein bu i ein stille del og uforstyrta del av colleget samstundes som han var ein del av det. Han likte desse romma og budde i dei etter at han var blitt ein forelesar og seinare då han vart professor og kunne ha fått større og meir prestisjefylte rom med betre komfort. Den spartanske/asketiske livsstilen hans kom seinare men det ser ut til at han alltid likte små og handterbare bustadar.³

Saman med venen David Pinsent gjorde han innkjøp av møblar til sin nye bustad. Dette viste seg å ta tid då Wittgenstein ikkje fann møblar han likte og avviste omlag 90% av det som vart vist han i butikken. Wittgenstein mislikte ornamentikk som ikkje var ein del av møbelet sin konstruksjon og kunne ikkje finne møblar som var enkle nok. Til slutt måtte han få møblar laga spesielt til seg. Dei beste materiala vart brukt, men det måtte mange tilpassingar til før Wittgenstein var fornøyd.⁴ Wittgenstein si oppfatning av korleis design fyljer funksjon var noko annleis enn det vi i dag oppfattar dette. For han var design som følge av funksjon knytta til hans syn på verdien av abstrakt opplæring. Han brukte å seie at matematikk ville fremje god smak «since good taste is genuine taste, and therefore is furthered by whatever makes people think truthfully.»⁵ I sine samtalar med Russel framheva han konstruksjonen som den bestemmande krafta og at ein ting må til fulle vere den tingen det var og at livet må levast rundt den på ein måte som er hensiktsmessig og tilpassa bruken.⁶ Også i val av smågjenstandar fylgde han same prinsipp som for møblar og enda opp med å kjøpe porselenskoppar frå eit utsal for medisins- og laboratorieutstyr då han meinte at dei såg finare ut enn vanlege porselenskoppar. Men i fylje Pinsent var dei ikkje like praktiske i bruk.

Sjølv med det strenge synet på møblar hadde han eit praktstykk i husveret sitt, i form av eit stort nesten kvadratisk spisebord med plass til åtte personar. Bordet var i mørk mahogny med viktoriansk

¹ McGuinness kap. 3

² McGuinness s. 131

³ Romma han hadde ved Trinity College var i mange år det næraste han kunne kalle ein heim. Av dei få minnegjenstandane han etterlot seg då han døydde var eit foto av tårnet ved Trinity der han hadde budd. McGuinness s. 131

⁴ McGuinness s. 132

⁵ McGuinness s. 132

⁶ Vi finn dette igjen seinare i samband med utforminga av Villa Stonberg-Wittgenstein, for eksempel i plasseringa av lyspærer som var plassert enten sentralt eller symmetrisk i eit rom. Det gav eit jevnt lys som var upersonleg og ikkje tilpassa spesielle behov eller ynskjer for brukaren av rommet.

ornametikk på beina. Då Wittgenstein forlot England kjøpte Russell bordet av han. Conrad Russel (son til Bertrand) hugsar at det kun vart brukt i spesielle og viktige samanhengar, og at hans foreldre diskuterte om dei skulle ete på Wittgenstein eller ikkje.

2.2 Første reise til Noreg

Sommaren 1913 reiste Wittgenstein til Noreg for første gong, saman med venen David Hume Pinsent. Opphavleg hadde han planlagt å dra til Spania, men desse planane vart endra då Wittgenstein ombestemte seg og heller ville dra til Norge. Det er noko uavklart kvifor han endra reiseplanane, men i fylje Pinsent kan det vere Wittgenstein sitt behov for einsemd og moglegheit til å arbeide vidare med logikken, som førte til dette. På denne tida var Norge eit populært feriemål for den europeiske overklassen. Keisar Wilhelm II sine ferieturar til Norge i perioden 1889 til 1914 var mykje omtala i utanlandskpresse. I 1913 var ei av dei store hendingane Keisar Wilhelm II si gåve til Norge i form av statuen av Fridtjof den frøkne som vart avduka på Vangsnes i Sogn under stor festivitas og med både keisaren og Kong Haakon tilstades. Ein skulptur som Wittgenstein kom til å segle forbi på sin veg mot Skjolden hausten 1913.⁷ Norge var eit eksotisk feriemål som i 1913 var godt utbygd med både transport og moderne hotell ved dei vestlandske fjordane. Wittgenstein såg ikkje på seg sjølv som turist og kom heilt på slutten av sesongen. Då han og Pinsent kom til Norge var dei opptekne av å finne seg ein stad som var roleg og gav arbeidsro

I fylje McGuinness viste sjølve turen seg å vere meir eit leseparty enn ein ferie.⁸ På turen prøvde Wittgenstein å unngå andre turistar i den grad det let seg gjere og då dei kom til Bergen såg dei seg om etter ein liten plass ved ein fjord der dei kunne tilbringe ferien. Valet fall på Øystese i Hardanger der dei tok inn på Øystese hotell. Her leigde dei to soverom og ei stove slik at dei kunne feriere utan mykje omgang med dei andre gjestane på hotellet. Då dei kom var sesongen på hell og hotellet vart gradvis tømt for andre gjestar. Medan dei var i Øystese var Wittgenstein stadig redd for at han skulle døy før han hadde fått skrive ferdig tankane sine om logikken.

⁷ Oxaal s. 109

⁸ McGuinness s. 180



Figur 6. Utsnitt av foto som syner Øystese med hotellet der Wittgenstein og Pinsent budde i 1913. Foto: Jørgen Grundtvig-Olsen, 1912, UIB Marcus

Medan dei var i Øystese bestemte Wittgenstein seg for å trekkje seg tilbake frå miljøet i Cambridge og arbeide i einsemd med logikken. Han ynskte seg ein plass der han kunne få arbeidsro utan å bli distraherert av vener, sosialt liv og konsertar. Venen David Hume Pinsent har i si dagbok gjeve fyljande skildring av si oppleving av Wittgensteins beslutning.

Ludwig was very cheerful this morning, but suddenly announced a scheme of the most alarming nature. To wit, that he should exile himself and live for some years away from everybody he knows - say in Norway. That he should live entirely alone and by himself - a hermit's life - and do nothing but work in Logic. His reasons for this are very queer to me - but no doubt they are very real for him: firstly he thinks he will do infinitely more and better work in such circumstances, than at Cambridge, where, he says, his constant liability to interruptions and distractions (such as concerts) is an awful hindrance. Secondly he feels that he has no right to live in an antipathetic world (and of course to him very few people are sympathetic) - a world where he constantly finds himself feeling contempt for others, and irritating others by his nervous temperament - without some justification for that contempt *etc*, such being a really great man and having done really great work.⁹

Wittgenstein var tilbake i Cambridge 1. oktober 1913 og informerte Russell kort tid etter om sin beslutning om å trekkje seg tilbake til Noreg. Bertrand Russell har beskrive korleis korleis Wittgenstein informerte han om si hensikt med å tilbringe meir tid ved fjorden i Norge på fyljande måte:

Then my Austrian, Wittgenstein, burst in like a whirlwind, just back from Norway; and determined to return there at once to live in complete solitude until he has solved *all* the

⁹ Åmås og Larsen s. 13

problems of logic. I said it would be dark, he said he hated daylight. I say it would be lonely, and he said he prostituted his mind talking to intelligent people. I said he was mad, and he said God preserve him from sanity. (God certainly will.)¹⁰

2.3 Opphaldet i Skjolden 1913-1914

Allereie rundt 12. oktober var han på veg tilbake til Noreg. Han kom til Bergen 14. oktober og tok derifrå båt vidare inn til Skjolden. Opphavleg hadde Wittgenstein tenkt seg lenger nordover enn Sogn, og McGuinness ymtar om at hadde planlagt å dra til Lofoten, medan von Wright meiner at dette er feil og at han hadde tenkt å dra til ein fjord utanfor Molde. Uansett så var hotellet der han hadde tenkt å bu stengt for sesongen så han måtte finne ein annan plass å ta inn.¹¹ Austerrike-Ungarn sin konsul i Bergen, Jacob Valentin Kroepelien, bistod Wittgenstein med å finne ein roleg plass han kunne tilbringe vinteren. Gjennom si forretningsverksemd hadde han kontakt med Halvard Drægni, eigaren av A/S Halvard Drægni Sogn Fruktkonservering, som mellom anna leverte saft og syltetøy til Kroepelien for vidaresal i Bergen. Kroepelien sendte Drægni ein førespurnad om han kunne finne ein stad å bu for Wittgenstein.¹² Drægni innlosjerte Wittgenstein hjå søstera si, Sofia, som var gift med Hans Hess Pederson Klingenberg.



Figur 7. Postkort frå Wittgenstein til Eccles i 1913 der han har merka av kva rom som han leiger i Klingenbergshuset. Til høgre for Klingenbergshuset er Storehuset til Halvard Drægni. Til venstre for Klingenbergshuset er Skjolden hotell der Keynes budde då han var på besøk til Wittgenstein i påsken 1914. Foto frå: <http://wab.uib.no/sept1914/postcards/A01.html>

I Klingenbergshuset disponerte han to rom, eit soverom i andre høgda med balkong og utsikt over Lustrafjorden og eit rom i første etasje som han nytta til arbeidsrom.¹³ Wittgenstein kom godt ut av det med familien Klingenberg, særskild med Sofia som hadde stor omsut for han både medan han budde

¹⁰ McGuinness s. 184

¹¹ Åmås s. 93

¹² Åmås og Larsen s. 89

¹³ Vatne s. 37

der og seinare. Halvard Drægni var ein annan person i Skjolden som var viktig for Wittgenstein. Drægni hjalp han med det praktiske behova, og spesielt i samband med bygginga av huset ved Eidsvatnet. I tillegg til familiane Klingenberg og Drægni, hadde han mellom anna omgang med skreddaren Ola Galde, Arne Bolstad og Anna Rebni.

Sjølv om han hadde trekt seg tilbake frå det akademiske miljøet i Cambridge hadde han tett kontakt med venene og kollegaer der. Han hadde ein omfattande korrespondanse med dei som omhandla både private og faglege tema. Via korrespondansen held han Russel oppdatert på arbeidet han gjorde. I jula drog han til Wien for å feire høgtida saman med familien. Det var då eit år sidan faren døydde og det var viktig for henne å samle familien. Medan han var i Wien klaga han over at han ikkje fekk gjort noko arbeid, og etter juleferien var han tilbake i Skjolden og fortsette arbeidet sitt der.

Venskapet med George Edward Moore utvikla seg i den tida Wittgenstein var i Norge og Wittgenstein hadde eit sterkt ynskje om at Moore skulle besøke han i Skjolden. I fylje McGuinness var Moore ein sky og sensitiv mann, og det var nok utfordrande for han å skulle dra til Norge for ein lenger periode og bu her saman med Wittgenstein.¹⁴ Likevel kom Moore til Norge i påsken 1914 og vart verande her i ca. 15 dagar. Moore budde på hotellet i Skjolden, også han arbeidde medan han var her og han og Wittgenstein etablerte ein slags rutine for besøket. Vanlegvis arbeidde Moore på hotellet fram til kl. 14, før han gjekk til Wittgenstein i Klingenbergshuset for felles middag. Etter middag hadde dei diskusjonar fram til kl. 17 då teen vart servert. Etter te gjekk dei gjerne ein tur, eller dei drog på besøk til Drægni i Storehuset for å spele piano. Resten av kvelden snakka Wittgenstein om sitt arbeid. Frå 1. april byrja Moore å notere ned Wittgenstein sine tankar etterkvart som Wittgenstein dikterte dei for han. I løpet av påsken vart dette til to fulle notatbøker samt nokon sider i ei tredje. Desse notata vart seinare utgjeve under tittelen «Notebooks 1914-16»¹⁵. Notebooks var eit avgjerande forarbeid for Wittgenstein sitt første hovudverk, *Tractatus Logico-Philosophicus*, og målberer for første gong nokon av dei heilt sentrale tankane i *Tractatus*, mellom anna om «tautologien»(statusen av logiske setningar) og om det som kan visast men ikkje seiast.

Medan han var i Skjolden starta Wittgenstein arbeidet med å få bygd seg sitt eige hus her. Ivar Oxaal trekkjer fram skildringane i Henrik Ibsens Brand og Henry Thoreau sine tankar om å leve aleine og meditere som inspirasjonskjelder til at Wittgenstein bestemte seg for å bygge eit lite hus i Skjolden.¹⁶ Bygginga av huset ved Eidsvatnet er eit tydeleg teikn på at han her fann den nødvendige arbeidsroa, og at han hadde tenkt å kome tilbake og bli verande i Skjolden på ubestemt tid.

Sjølv om Skjolden var ein liten plass, var det mykje aktivitet som kunne uroa han. Klingenbergshuset låg i sentrum av Skjolden og det var staden sitt postkontor, med dagleg aktivitet av folk som kom og gjekk. I tillegg låg saftfabrikken, hotellet og vegen tett på huset, noko som også kunne føre til forstyrringar.¹⁷ Wittgenstein vurderte fleire tomter før han enda på den ved Eidsvatnet. På seinvinteren gjorde han ein avtale om bygsling av tomt hjå Johannes J. Bolstad. Dette førte òg til at Wittgenstein vart kjend med sonen Arne Bolstad, eit venskap som ville vare livet ut.¹⁸

Det er uklart i kva grad Wittgenstein teikna huset sjølv eller om det var andre som gjorde det, her er det ulike oppfatningar. Basert på hans tidlegare interesse for interiør og bustad er det sannsynleg at

¹⁴ McGuinness s. 197

¹⁵ McGuinness s. 199

¹⁶ Oxaal s. 111

¹⁷ Vatne s. 45

¹⁸ Vatne s. 52

Wittgenstein hadde svært sterke meiningar om korleis huset skulle byggast og det er sannsynleg at han kan ha teikna ei skisse til korleis huset skulle sjå ut.

Det praktiske arbeidet med å organisere bygginga av huset vart gjeve til Halvard Drægner som fekk fullmakt til den praktiske gjennomføringa av prosjektet. Det var eit omfattande arbeid og huset vart ikkje ferdig før Wittgenstein drog til Austerrike for sommaren då turistsesongen starta.¹⁹ Arbeidet med huset fortsette og Drægner tok leiinga for å få det ferdigstilt og hadde dialog med Wittgenstein om det via brev. Huset vart ferdig hausten 1914, omlag på den tida Wittgenstein hadde tenkt å kome tilbake til Skjolden.²⁰

2.5 Første verdskrig og mellomkrigstida

Sommaren 1914 reiste Wittgenstein til Austerrike, først til familien sin landstad Hochreit og seinare til Wien. Planen var å vere ca. to månadar med familien i Austerrike og så ha ein september ferie saman med Pinsent før han skulle tilbake til Skjolden. Med utbrotet av første verdskrig vart det endringar i planane, og Wittgenstein melde seg frivillig til den Austerriksk-Ungarske hæren. Han vart verande i militærteneste heile krigen. Krigen slutta for hans del i krigsfangenskap og først i 1919 slapp han fri. Medan han var i fangenskap arbeidde han vidare på *Tractatus* og den vart til slutt utgitt i 1921-22. Med ferdigstillinga av boka meinte Wittgenstein å ha løyst dei fundamentale filosofiske problema og som ei fylje av dette forlot han filosofien og akademien.

Etter at faren døydde i 1913 gav Wittgenstein vekk 100 000,- Austerrikske kroner av arven sin til fordeling mellom ulike kunstnarar, mellom anna forfatarane Rainer Maria Rilke og George Trakl, arkitekten Adolf Loos og malaren Oskar Kokoschka.²¹ Dette var i tråd med familien sin funksjon som mesenar for kunst og kulturlivet i Wien. Etter krigen gjekk han til eit mykje meir drastisk steg og gav vekk resten av arven sin til søstrene og den attlevande broren. Då mora hans døydde i 1926 gjorde han det same med arven etter henne.²² No hadde han beslutta å leve av det han tente, og etter fleire rundar med familiens advokatar vart det ordna slik han ville, og formuen hans vart overført til søskena. På same tid vart også huset i Skjolden gitt til Arne Bolstad. Også i denne saka overlot Wittgenstein det praktiske til Halvard Drægner, og i 1919 skreiv til han i eit brev til Drægner at Arne Bolstad skulle ha huset som ei gåve.²³ Wittgenstein hadde i 1919 gitt venene i Skjolden melding om at han ikkje kom til å kome tilbake meir. Men sommaren 1921 kom han, saman med venen Arvid Sjøgren, tilbake til Skjolden for første gong etter 1914. Han budde då for første gong i huset sitt ved Eidsvatnet. Skilnaden var stor frå første gong han kom til Skjolden som rik ung mann, til no då han var fattig og hadde behov for arbeid for å tene til reisa heim att. Halvard Drægner gav Wittgenstein og Sjøgren jobb på snikkarverkstaden på fabrikk.²⁴

I perioden 1919 til 1929 budde Wittgenstein ulike stader i Austerrike og hadde ulike jobbar, mellom annan som lærar i Trattenbach, Puchberg am Schneeberg og i Otterhal. Felles for desse plassane er at dei var forholdsvis små og avsidesliggande. I 1926 gav han opp læraryrket, ein periode arbeidde

¹⁹ Wittgenstein mislikte turistar sterkt og ynskte heile tida å unngå dei. Noko som og vert synleg når vi ser på hans opphald i Skjolden som i hovudsak var utanfor turistsesongen og under dei lange opphalda 1913-14 og 1913-37 drog han til Austerrike om sommaren når det var mange turistar i Skjolden.

²⁰ Vatne s 53, og Åmås og Larsen s. 92, brev av 1. november 1914 frå Wittgenstein til H. Drægner der han seier at han er glad for at huset hans no er ferdig.

²¹ McGuinness s. 206

²² Åmås og Larsen s. 38 (1994)

²³ Åmås og Larsen s. 29 og s. 114, brev av 30 oktober 1919 frå Wittgenstein til H. Drægner.

²⁴ Vatne s. 63

han som gartner ved Klosteneuburg kloster nær Wien. Søstera Margaret Stonborough-Wittgenstein hadde begynt å bygge seg eit nytt hus i Wien. Arkitekten Paul Engelmann vart i 1925 engasjert for å teikne huset og i 1926 bad ho broren å delta i planlegginga. På denne tida strevde Wittgenstein med depresjonar og med å finne ut kva han skulle gjere etter at han hadde forlatt filosofien då og gitt opp læraryrket. Wittgenstein si avslutning på lærargjeringa var dramatisk og kom som fylje av at han hadde skada ein av elevane sine. Arbeidet med huset til Margaret var såleis ei kjærkommen oppgåve som han via svært mykje tid på og nærast tok over arbeidet frå Engelmann som gradvis trakk seg meir og meir ut av prosjektet. Haus Wittgenstein er karakterisert av dei enkle og reine linene og er heilt utan dekor. Bygningen er eit brot med den tradisjonelle wienerarkitekturen, og i utforminga av det finn vi mange fellestrekk med den tidlege funksjonalismen slik vi finn den i dei tidlege husa av til dømes Le Corbusier og Walter Gropius. Huset vart eit godt eksempel på dei reinskorne modernistiske husa, men det var eit fåtal som meinte at det var mogleg å bu i det. Søstera Hermine meinte at det ikkje gjekk an å bu i huset og meinte at det var legemleggjinga av logikken og eit hus som var berekna for gudar og ikkje for menneske. Men ho meinte at det passa for søstera Margaret, som flytta inn i huset sitt på seinhausten 1928. Von Wright omtalte huset på fyljande måte: «Dets skjønnhet er av samme enkle, statiske sort som setningene i Tractatus.»²⁵



Figur 8. Haus Wittgenstein i Wien. Foto henta frå <http://socks-studio.com/2015/04/26/order-and-failure-wittgensteins-haus-on-kundmangasse/>

²⁵ Fredriksson, Gunnar s. 146

Sommaren 1925 var Wittgenstein tilbake i England på besøk til Eccles i Manchester og hjå Keynes på sommarhuset hans. Det var eit vellukka besøk, og Wittgenstein begynte å snakke om å vende tilbake til Cambridge og filosofien. Først i 1929 vende han tilbake til Cambridge. *Tractatus* vart til slutt godkjend som hans doktorgradsavhandling og han vart verande og arbeide her store delar av resten av livet sitt. I 1939 overtok han som professor ved Trinity College etter venen Moore, ein stilling han hadde fram til 1947.

Sommaren 1931 var Wittgenstein tilbake i Skjolden på sommarferie. Denne gongen var Marguerite Respinger saman med han. Sjølv om dei ferierte i lag budde dei på ulike plassar, Wittgenstein i huset sitt og Marguerite på hotellet til Anna Rebni. Dei treffe kvarandre lite under opphaldet då han var i ein periode med meditasjon og lesing av religiøs litteratur, noko ho ikkje var interessert i. Ho gjorde det beste ut av opphaldet og deltok mellom anna i gardsarbeidet før ho etter to veker reiste til Roma og søstera sitt bryllaup. Wittgenstein hadde planar om å gifte seg med Marguerite, men det vart det ikkje noko av.²⁶

2.5 Opphaldet i Skjolden 1936-37

På 1930-talet hadde Wittgenstein igjen behov for å trekkje seg tilbake frå Cambridge for å arbeide og i åra 1936 og 37 brukte han mykje tid i Skjolden. Dette vart det lengste opphaldet han hadde i Skjolden og under store delar av det budde han i huset sitt ved Eidsvatnet. Han unngjekk å vere i Skjolden om sommaren då det var turistsesong. Han kom difor til Skjolden hausten 1936 og var verande her til desember 1937, kun avbrote av feriar til Austerrike og England.

Vinteren 1936/37 byrjar han arbeidet på det som etter hans død vart publisert som *Filosofiske undersøkingar*. Føremålet med reisa hans til Norge var å førebu den endelege bokutgåva av dei filosofiske merknadane og notata sine. I den perioden han var i Skjolden fekk han gjort myke arbeid, og dei første 188 paragrafane i *Filosofiske undersøkingar* vart stort sett utforma i løpet av Wittgenstein sitt opphald her.²⁷ Boka vart likevel ikkje ferdig og vart ikkje utgitt før etter Wittgenstein sin død i 1951. Under opphaldet i 1936-37 skreiv han òg mange av dei mest kjende aforismane som er samla i verket *Kultur og filosofi* og han oppfatta sjølv at norgesopphalda han hadde var fruktbare og gav han noko han trong.²⁸

Wittgenstein sitt lange opphald i Skjolden i 1936-37 er det som vert best hugsa av folka i bygda og det som er mest dokumentert gjennom skildringar frå dei som budde i Skjolden på denne tida. Desse skildringane gjev oss eit lite innblikk i korleis han levde medan han var der. Anna Kvam fortel at ho hugsar godt at han «gjekk fram og attende på balkongen høgt over vatnet med utsyn mot Eidegarden, Bolstadmoen og fjellheimen bakanfor». Nokon gonger fekk han frakta varer frå butikken, Knut Eide som rodde varene over vatnet kunne då legge varene i bytta som Wittgenstein sende ned slik at han kunne sveive dei opp til huset med taubana.²⁹

Anna Rebni ved Eide gard var ei av dei Wittgenstein hadde mest kontakt med i Skjolden. Vinteren 1936/37 hadde han for vane å kome innom Eide gard på vegen heim frå sentrum. Vanlegvis vart han invitert inn i storstova og fekk servering når han kom innom. I periodar av opphaldet sitt budde han på hotellet ved Eide gard, når det vart for vanskeleg for han å bu i huset ved Eidsvatnet. Han budde då på

²⁶ Åmås og Larsen (1994) s. 135 og 136

²⁷ Åmås s. 16 (2004)

²⁸ Åmås og Larsen (1995) s. 17 og 18

²⁹ Vatne s. 66

det som vert kalla det blå rommet.³⁰ Når Wittgenstein ikkje var i Skjolden heldt han brevkontakt med Anna Rebni.

I periodar var det nok vel einsamt for Wittgenstein å bu i huset ved Eidsvatnet, og han hadde periodar der det var vanskeleg å arbeide. I august 1937 skreiv han til venen Francis Skinner i Cambridge og inviterte han til Skjolden. I slutten av september kom Skinner til Norge. Wittgenstein møtte han i Bergen og saman drog dei til Skjolden, der Skinner blei i 10 dagar. I denne korte perioden fann Wittgenstein att ei slags mental likevekt og evna til å arbeide.³¹ Oktober til desember 1937 var utfordrande månadar av norgesopphaldet. I dagboka si finn vi personlege notat som er fulle av uttrykk for frykt, angst og vonde tankar som fylgde han. Vêret og klimaet uroa han også. Dette er dei same momenta som Russell i 1913 gjorde han merksam på då han reiste til Norge for sitt første lange opphald.

Ei av dei beste kjeldene til Wittgenstein sitt opphald i Skjolden er dagboka han skreiv i denne perioden. Dagboka omhandla både personlege nedteikningar og notat knytt til arbeidet hans. Den har sannsynlegvis fungert som ei erstatning for ein fortruleg ven i den tida han var i Skjolden. Det var til tider utfordrande for han å bu aleine i huset sitt over Eidsvatnet i ein så lang tid. Vinteren, der det går lang tid før sola kjem attende, påverka han nok i stor grad. I dagboknotata frå mars 1937 får vi eit innblikk i korleis han ventar på at sola skal kome att, dei mange innskrivingane knytt til sola og gleda over at ho endeleg skin inn vindauga hjå han. Den 22. mars 1937 begynner han med å skrive «I dag står solen opp ca. kl 12 her, nå er det mulig å se *hele*.»³² Med våren kom og utfordringa med tilkomst til huset. Om sommaren kunne han ro over vatnet og om vinteren kunne han gå på isen. I periodar var det òg mogleg å vade over elveosen. Utfordringa vart når isen ikkje var trygg, dette tek han og opp i dagboka si, der han den 11. mars 1937 skriv «Isen er nå allerede svak, og jeg må bruke båten over vannet. Det medfører ubekvemmeligheter og (mindre) farer. Jeg blir lett motløs og engstelig.»³³ Huset si dramatiske plassering på hylla over Eidsvatnet var nok inspirerande og god om sommaren, men om vinteren og når det var dårleg vêr var det nok ikkje like greitt å bu aleine her. Wittgenstein gav uttrykk for det i dagboka si den 23. april 1937: «Vinden hyler rundt huset i dag, og det synes jeg alltid er ubehagelig. Det gjør meg redd og forstyrrer meg. Jeg prøver å motarbeide de triste og vonde følelsene mine, men kreftene blir så raskt brukt opp.»³⁴

2.6 Åra 1937-51

Våren 1937 drog han tilbake til Cambridge og fortsette å arbeide der. Under andre verdenskrig arbeide han først som portør på St. Guy's sjukehus og seinare på eit sjukehuslaboratorium i Storbritannia før han vendte tilbake til Cambridge og eit professorat ved Trinity College. Etter krigen hadde han igjen periodar der han trakk seg tilbake frå det akademiske miljøet. Han oppsøkte avsidesliggende plassar i både Swansea i Wales og i Irland fleire gonger. Våren 1947 leverte han inn sin avskjedssøknad for professoratet, han hadde rett på eit sabbatssemester og ved årsskiftet 1947-48 slutta han arbeidet ved Trinity College. Han ville framleis ferdigstille arbeidet med boka og hadde av den grunn behov for einsemd for å kunne arbeide.³⁵

³⁰ Vatne s. 71 og 72

³¹ Åmås og Larsen (1994) s. 147

³² Wittgenstein s. 113

³³ Wittgenstein s. 118

³⁴ Wittgenstein s. 120

³⁵ Fredrikssen s. 252

Etter at han hadde slutta som professor, levde Wittgenstein eit omflakkande liv. Først drog han til Irland. Ein ven av han, Drury, arbeidde på ein psykiatrisk klinikk utanfor Dublin og inviterte Wittgenstein til å kome til Irland. Irland vart ein stad der han kom til å bu i fleire lengre periodar i resten av 1940-talet. Første bustaden hans her var på ein gard ved Red Cross i grevskapet Wicklow. Der budde han fram til februar 1948, då han vart ramma av depresjon og tok kontakt med Drury igjen. Etter eit kort opphald i Dublin, fann Wittgenstein ein ny og endå meir einsam plass, ei hytte ved Connemara på vestkysten av Irland. Her vart han buande fram til august 1948. Hytta var ikkje eigna til å bu i om vinteren, og han hadde då eit kort opphald i Dublin før han drog til Wien der søstera Hermine var kreftsjuk. Tilbake i Dublin budde han på Ross Hotel fram til april 1949, då han drog på eit nytt kort besøk til Wien. Etter Wien kom han tilbake til Dublin og vart her fram til sommaren. Sommaren 1949 var han i USA på besøk til Norman Malcolm ved Cornell University i staten New York. Etter dette besøket var han eit par veker i Cambridge. I november 1949 fekk han påvist prostatakreft.

Jula 1949 var han heime i Wien og i april 1950 drog han tilbake til Cambridge og budde hjå familien von Wright ein kort periode før han i slutten av april flytta heim til Elisabeth Anscombe i Oxford der han vart buande om sommaren. I oktober 1950 drog han saman med Ben Richards til Norge for siste gong. Der budde dei først i huset ved Eidsvatnet, men etter at Richards vart sjuk budde dei delar av opphaldet hjå Anna Rebni. Tilbake i Oxford planla han ein ny tur til Norge i desember, men han vart stadig dårlegare og kom seg ikkje til Norge. I byrjinga av februar 1951 flytta han inn hjå dr. Bevan for å døy der.

Felles for alle stadane han drog til når han reiste vekk frå det akademiske miljøet i Cambridge var at han drog til små stadar gjerne langt frå næraste by, og at han her omgjekk i hovudsak dei lokale innbyggjarane. Bustadane hans var svært enkle, nærast fattigslege. Vi ser her at han ikkje hadde noko behov for ein standsmessig bustad sett ut i frå hans familiebakgrunn og yrke/utdanning.

3. Wittgenstein og Skjolden

Under Wittgenstein sine arbeidsreiser til Skjolden trekte han seg tilbake frå det akademiske miljøet i Cambridge. Sjølv om han framheva for kollegane og venene der at han ville leve som ein eremitt, så var det ikkje det han gjorde når han var i Skjolden. Vi kan heller sjå på det som at han trekte seg tilbake frå det livet han levde i Cambridge og levde eit enklare liv omgitt av menneske som ikkje var akademikarar. I Skjolden hadde han kontakt med mange og etablerte venskap som varte livet ut. Familiane Drægner og Klingenberg var viktige for han, det same var venskapet med Anna Rebni. Venskapa mellom Wittgenstein og innbyggjarane i Skjolden var myke på Wittgenstein sine premisser. Eit døme på dette er venen Arne Bolstad som ofte var på besøk hjå Wittgenstein, men han hadde beskjed om at når han kom, og såg at Wittgenstein arbeidde så skulle han ikkje snakke til han. Han skulle setje seg og vente ved døra til Wittgenstein tok ordet.³⁶ Andre som vart invitert til besøk hjå Wittgenstein var Anna Rebni og Kristen Fortun. Besøkande vart gjerne servert te og kjeks då dei kom.

Når vi ser på biografien hans er det eit gjennomgåande trekk at når han skriv så trekkjer han seg vekk frå det akademiske miljøet. I opphaldet 1913-1914 i Skjolden arbeidde han mykje på det som seinare vart verket *Tractatus Logico-Philosophicus*. Etter at *Tractatus* var ferdigstilt følte han seg ferdig med filosofien og gjekk over til anna arbeid som lærar og gartner. I 1929 var Wittgenstein klar til å reise tilbake til Cambridge for å arbeide vidare med logikken der. Då han i 1936 igjen hadde behov for å

³⁶ Vatne s. 75

trekkje seg tilbake frå det akademiske miljøet i Cambridge for å arbeide med boka si begynte hans lengste opphald i Skjolden.

Bygginga av eit eige hus ved Eidsvatnet er det som skil Skjolden frå dei andre stadane han drog til når han trekte seg tilbake. Vanlegvis leigde han seg inn hjå nokon eller budde på hotell. Allereie på sitt første opphald her må han ha opplevd staden som ein plass der han kunne arbeide. Dette syner att i at han under dette opphaldet startar arbeidet med å få bygd seg sitt eige hus i Skjolden der han kunne få tilstrekkeleg arbeidsro. Sjølv om han i 1919 gav det til Arne Bolstad kom Wittgenstein tilbake fleire gonger og budde der, første gong i 1921. Bolstad hadde allereie i brev av 20. mars 1920 sagt at han nok helst ville bruke huset om sommaren, og at det stod til Wittgenstein sin disposisjon når han kom til bygda.³⁷ Før Wittgenstein gav huset til Bolstad hadde han allereie forsøkt å gje det vekk ein gong tidlegare, til legen Max Bieler. Dette var før Wittgenstein vart send til fronten. Bieler takka nei til huset og fekk ein Watermann fyllepenn i staden.³⁸

Gjennom heile livet målte Wittgenstein si livslukke i evna til å arbeide og han var heile tida på søking etter gode plassar å arbeide. I eit brev til George Edward Moore skrive på 1930-talet seier han noko om kva Skjolden betydde for hans arbeid «I can't imagine that I could have worked anywhere as I do here. It's the quiet and, perhaps, the wonderful scenery; I mean, its quiet seriousness.»³⁹

4. Stadane der Wittgenstein budde i Skjolden

I den tida Wittgenstein var i Skjolden, var det tre plassar han budde på i periodar. Den første staden han tok inn var Klingenbergshuset i sentrum av Skjolden. Huset låg tett attmed Hallvard Drægne sin bustad (Storehuset) og nær Skjolden hotell. Etter at han bygde huset sitt ved Eidsvatnet, var det der han budde når han var i Skjolden. I dei periodane det var for vanskeleg å bu i huset ved Eidsvatnet, tok Wittgenstein inn på «hotellet» på Eide gard hjå Anna Rebni. Alle bustadane til Wittgenstein i Skjolden er bevart, noko som i dag gjev oss eit godt bilete av dei ytre rammene for hans liv og arbeid i Skjolden.

4.1 Klingenbergshuset

Då Wittgenstein kom til Skjolden for første gong hadde Hallvard Drægne tinga overnatting til han hjå svogeren Hans Hess Pederson Klingenberg, som var gift med Inga Sofia Drægne. Klingenbergshuset var oppført i 1907 og Wittgenstein budde her vinteren 1913/14. Soverommet til Wittgenstein var innanfor verandaen i 2. etasje og han disponerte eit rom i 1. etasje som arbeidsrom. Wittgenstein kom godt ut av det med familien Klingenberg, og hadde eit nært forhold til dei også etter at han hadde fått bygd seg sitt eige hus. Sofia Klingenberg tok seg godt av han, og dei oppretthaldt kontakten også i dei periodane han ikkje var i Skjolden.

Klingenbergshuset er typisk for dei litt større våningshusa i sveitserstil som vart bygd i Sogn på denne tida. Huset i 1 ½ etasje med ark, står på ein høg grunnmur og har romslege takutstikk. Fasaden er symmetrisk med altanar som ei forlenging av arka som dannar midtaksen. Verandaen går her over to etasjar slik at dei i andre etasje fekk eit godt rom innanfor altanen. Altanen er rikt utsmykka med

³⁷ Åmås og Larsen s. 132, attgjeving av brev frå Arne Bolstad til Wittgenstein

³⁸ Åmås og Larsen (1994) s. 122

³⁹ Åmås og Larsen s. 10

snikkarglede og også vindauga og dør har fått dekorerte områningar i typisk sveitserstil. Trappa opp til første etasje bryt symmetrien ved at den går på skrå opp frå høgre side av fasaden. Fasaden på Klingenbergshuset er svært karakteristisk for denne type bygningar i Sogn.



Figur 9 og 9. Klingenbergshuset til venstre. Biletet til høgre syner både Klingenbergshuset og Storehuset. Foto A. Bidne/SFF 2017.

4.2 Hotellet ved Eide gard

Huset til Wittgenstein låg forholdsvis utilgjengeleg til, og i periodar var det vanskeleg for han å bu der. Då flytta Wittgenstein ned til hotellet på Eide gard som på denne tida vart drive av Anna Rebni. Eide var ein av storgardane i Luster, og tunet låg like utanfor Skjolden sentrum mellom Lustrafjorden og Eidsvatnet. På garden var det tidlegare skysstasjon. Den vart i 1908 seld til Jon Galde som utvikla skysstasjonen til det som vart Skjolden hotel. På Eide fortsatte dei med gjestgjevarstad, der dei særleg tok i mot gjestar som var på fjellvandring og fjellklatring. Anna kalla gjestgjevarstaden for Ungdomsherberget og det gjekk også under nemninga «Hotellet».

Under Wittgenstein sitt besøk i Skjolden i 1931 hadde han invitert med seg Marguerite Respinger. Wittgenstein hadde på den tida planar om å gifte seg med henne, men likevel vart ho innlosjert på hotellet på Eide gard medan Wittgenstein budde i huset ved Eidsvatnet. I periodar av det lange opphaldet sitt i Skjolden i 1936-37 budde Wittgenstein på hotellet på Eide når det vart for vanskeleg å bu i huset ved Eidsvatnet. Under besøket i 1950 budde Wittgenstein i på Eide i delar av opphaldet, då venen Ben Richards vart sjuk og det vart for vanskeleg for dei å bu i huset til Wittgenstein. Rommet som Wittgenstein budde i på Eide gard er framleis bevart.



Figur 10. Eide gard, hotellet er bygningen lengst til høyre. Wittgenstein budde her i periodar då det vart for vanskeleg for han å bu i huset sitt ved Eidsvatnet.. Foto A. Bidne/SFF 2017.



Figur 11. Wittgenstein sitt rom på hotellet på Eide gard. Foto: A. Bidne/SFF 2019.

4.3 Huset ved Eidsvatnet

Wittgenstein sine planar om å bygge seg eit eige hus i Skjolden kan illustrere to ting, først at han hadde planar om å kome tilbake til Skjolden og busetje seg her for ein meir udefinert tidsperiode og for det andre at han hadde behov for meir stille og ro enn det han fant nede i bygda.⁴⁰

Huset som Wittgenstein fekk bygd omtala han vekselvis som hus og hytte, det var enkelt utforma og avsides plassert. Det kan vere at han var inspirert av tilsvarande hus som andre kunstnarar og filosofar reiste, som til dømes Henri David Thoreau, Martin Heidegger og Gustav Mahler. Huset til Wittgenstein var lite og enkelt utforma, men plasseringa høgt over Eidsvatnet gav det ein oppløfta plassering. Dette kan sjåast i samanheng med arkitekturtradisjonen om at viktige bygningar vanlegvis vart plassert på ein høgde over dei vanlege innbyggjarane sine hus. Oxaal skildrar dette på fyljande måte i tilknytning til Wittgenstein sitt hus: «Wittgenstein's hut was a modest affair, suitable for a Viennese (if wealthy) hermit, but it had the same idea of being elevated. At the end of the Tractatus, one was challenged to climb ladders.»⁴¹ På bakgrunn av at huset var lite og enkelt kan ein sjå på plasseringa av huset som den største luksusen Wittgenstein unna seg då han skulle bygge huset. Huset var òg bygd på den tida han var ein rik ung mann, før han etter første verdskrig bestemte seg for å gje vekk alt han eigde og kun leve av det han tente. Vi må difor sjå på bygginga av huset ut i frå hans behov og preferansar i tida før første verdskrig.



Figur 12. Wittgenstein sitt hus ved Eidsvatnet. Foto Ben Richards. Datering ukjend/Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane

⁴⁰ Åmås og Larsen (1994) s. 27

⁴¹ Oxaal s. 112

Arkitektur og innreiing var noko han var opptatt av og hadde sterke meiningar om. Dette ser vi allereie medan han er i Manchester og bidrog til innreiinga av venen William Eccles sin nye heim, og då han skulle innreie sine eigne rom ved Trinity College.⁴² Huset i Skjolden var den einaste bustaden han bygde og eigde sjølv, dei andre bustadane han hadde var leigde. Huset var utforma av han og etter han sine behov. På den tida han bygde huset var han framleis ein svært rik mann. Det er difor interessant å sjå at han her vektla å byggje eit svært enkelt og lite hus. Huset sin storleik tilsvarar mange av husmannshusa i området og i tillegg var det svært enkelt innreia, til dømes så var veggane umåla, jf Ben Richards sin merknad om at då dei kom dit etter andre verdskrig så måtte dei fjerne norske flagg og andre gjenstandar frå dei umåla veggane i stova.⁴³ Det mest ekstravagante med huset ved Eidsvatnet var val av tomt. Her hadde han valt seg ut ei vanskeleg tilgjengeleg tomt som det var svært arbeidskrevjande å bygge eit hus på. Frå det ferdige huset var det ei spektakulær utsikt over Eidsvatnet, Eide gard og mot Skjolden. Eit anna element ved bygginga av huset er den gjennomgåande høge materialkvaliteten. Sjølv om huset er lite og enkelt var det viktig for han at det vart bygd solid og av god kvalitet.

I Wien var han mellom anna ven med arkitekten Adolf Loos. I tillegg til å teikne bygningar skreiv Loos om arkitektur, og både i sine skrifter og bygningar var han ein pioner for modernismen. Hans mest kjende essay «Ornament und Verbrechen» bygger på ei forelesing i 1910 som vart publisert i 1913. Her kjem hans tankar om unødig bruk av dekor tydeleg fram, noko som han òg viste i sine bygningar som var utan dekor, men der det eksklusive ved bygningen kom fram i den høge kvaliteten på material og handverket. Det er usikkert i kva grad Wittgenstein var kjend med Loos sine tankar om arkitektur så tidleg som i 1913, men det er mogleg at han har delteke på nokon av diskusjonane i Wien rundt dette, då han og Loos var kjende.

Når vi ser på huset til Wittgenstein, er det er lett å sjå samanfallande prinsipp mellom huset og Loos sine tankar om arkitektur. Men det er usikkert kor mykje av dette som medvite er brukt i huset ved Eidsvatnet. Til det er huset for mykje prega av den tradisjonelle byggeskikken, på ei anna side så kan ein her sjå at nokon av prinsippa i Loos sine tankar om arkitektur er samanfallande med korleis ein bygde mindre hus på bygdene i Norge. Wittgenstein sitt fokus på materialkvalitet i huset er også eit element som er felles med Loos sine tankar om arkitektur.

Sjølv om huset var enkelt, var han opptatt av at det skulle vere godt bygd og at ein skulle bruke gode material. I tillegg var tomte eit fordyrande element, då det var krevjande å få frakta materialen opp til den. Kostnadane ved å få reist huset var tema i korrespondansen mellom Wittgenstein og Drægni frå Wittgenstein drog frå Skjolden og til huset var ferdig. Dette kan illustrerast med eit utsnitt i brev frå Wittgenstein til Drægni:

I have just written to my bank in Vienna asking them to send you one thousand Austrian Crowns. I see that my house will cost much more than I expected, and that you said it would cost. When I left Skjolden in July, you thought that you had received about enough money from me to complete the construction. - In any case, I shan't send you more money until I come to Skjolden myself.⁴⁴

I svarbrevet frå Halvard Drægni presiserte han at det var alltid dyrt å bygge så solid som det Wittgenstein ville at det skulle byggast.

⁴² McGuinness s. 132

⁴³ Åmås og Larsen s. 154

⁴⁴ Åmås og Larsen s. 28

Huset i Skjolden har mange fellestrekk med den enkle nøkterne byggeskikken i Norge, der materiala og plasseringa av huset kan sjåast på som den einaste luksusen som Wittgenstein unte seg. Huset er plassert på ei vanskeleg tilgjengeleg tomt og det må ha vore krevjande for handverkarane å få opp material og utstyr til å bygge huset, samt at det nok var ein del arbeid med å klargjere tomta for bygging. Materiala som var vald hadde alle ein svært god kvalitet, med til dømes furu frå Frønningen til treverket. Grunnmuren er sannsynlegvis mura med stein frå tomta, og den er svært godt utført. Dette vart tydeleg i samband med oppføringa av huset då det var lite som måtte gjerast med grunnmuren sjølv om det var over 50 år sidan huset vart flytta ned i bygda.

Vidare må ein sjå på huset i forhold til den tradisjonelle byggeskikken i Austerrike på denne tida då det også er prega av dette. Wittgenstein tilbrakte ofte somrane på familien sin landeigedom Hochreith og var nok godt kjend med dei tradisjonelle husa i området.

5. Huset etter Wittgenstein sin død

Huset vart lite brukt av Arne Bolstad og plasseringa var nok upraktisk til anna enn sporadiske opphald. I 1958 vart huset demontert og materialen seld til Gunnar Bolstad som sette det opp nede på Bolstadmoen i Skjolden.⁴⁵ I samband med remontering av huset vart det gjort ein del endringar på det, mellom anna vart taket snudd og taket senka med eit par omfar i tømmeret. Med dette vart takhøgda i første etasje lågare enn opphavleg og loftsetasjen vart meir romsleg. Utvendig vart huset kledd med eternitt og det fekk føyd til eit vindfang. Dei opphavlege vindauga vart ikkje brukt på nytt og huset fekk tidstypiske 1950-tals vindauga. Verandaen som var eit av dei mest karakteristiske trekka ved huset si fasade vart fjerna i samband med flyttinga av huset. Den vart heller ikkje brukt opp att når huset vart reist på nytt.

Innvendig vart og ein del av planløyisinga endra og tilpassa behova til dei som budde i det. Den største endringar var i loftsetasjen som opphavleg bestod av eitt stort rom. No vart den delt opp i fleire soverom og ein liten gang. Huset vart ståande på Bolstadmoen fram til arbeidet med demontering og tilbakeføring til opphavleg stad byrja i 2016.



Figur 13. Wittgenstein sitt hus då det stod på Bolstadmoen, før flytting tilbake til opphavleg plass. Foto. A. Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune 2016.

⁴⁵ Vatne s. 92

6. Tilbakeføringa av huset på opphavleg plass

Det var lenge snakka om å få huset til Wittgenstein tilbakeført til sin opphavlege plass. Fleire har tatt til orde for at dette måtte gjerast. I 2014 vart Stiftinga Wittgenstein i Skjolden oppretta, med eit styre bestående av ein representant frå politisk nivå i Luster kommune, privatpersonar og ein representant frå Universitetet i Bergen. Stiftinga har fyljande formål:

1. Sikra kulturhistoriske verdiar etter Ludwig Wittgenstein sitt arbeid i Skjolden.
2. utvikla og forvalta eigedom og bygningsmasse relatert til eigedomen i «Østerrike» ved Eidsvatnet i Skjolden og gjennom dette medverke til lokal verdiskaping.
3. gjera kunnskap og historia om Ludwig Wittgenstein i Skjolden tilgjengeleg. Dette vil inkludera relevante nasjonale og internasjonale fagmiljø.
4. ta vare på antikvariske verdiar knytt til Wittgensteins opphald i Skjolden.

Stiftinga sitt første mål var å flytta huset til Wittgenstein tilbake til opphavleg plass. I 2016 overtok Luster kommune eigarskapen til tomte og arbeidet med å få tilbakeført huset tok til. Prosjektet tok fleire år å gjennomføre og i 2019 var huset ferdig tilbakeført på opphavleg stad.

Då huset vart sett opp på Bolstad nytta ein opp att nesten all material. Vindauga var skifta, men dei opphavlege vindauga var tatt vare på av Harald Vatne. Ved at så mykje av den opphavlege materialen var tatt vare på vart det mogleg å flytte huset tilbake på opphavleg plass og få tilbake den utforminga det hadde hatt då Wittgenstein bygde det. I arbeidet med å føre opp att huset har stiftinga lagt vekt på å vise kva material som er ny og kva som er den opphavlege. Det gjer at vi i huset slik det står i dag lett kan lese bygningshistorikken knytt til flyttinga og tilbakeflyttinga av huset.



Figur 14. Grunnmuren til huset slik den stod i 2016, før huset vart ført tilbake til opphavleg stad. Foto: A. Bidne/Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2016.

7. Kulturhistorisk vurdering

Historisk kjeldeverdi

Huset til Ludwig Wittgenstein slik det står i dag er ei god kjelde til kunnskap om korleis han levde og arbeidde i den tida han var i Skjolden. Dei største kulturhistoriske verdiane i bygningen er knytta til personalhistoria omkring Ludwig Wittgenstein og huset som arbeidsstad der han skreiv dei 188 første bemerkningane til *Filosofiske undersøkelser*, samt anna arbeid. Vidare er verdiane i eigedommen knytt til Wittgenstein sitt første opphald i Skjolden i 1913 der han arbeidde med det som seinare vart publisert som *Tractatus Logico-Philosophicus*. Medan han var i Skjolden vinteren 1912/13 bestemte han seg for å bygge eit eige hus i bygda då han her fann tilstrekkeleg arbeidsro.

Huset ved Eidsvatnet er det einaste huset Wittgenstein bygde til seg sjølv og det gjev oss kunnskap om kva rammer han hadde behov for til sitt arbeid med logikken. Huset er sannsynlegvis forma etter korleis han såg for seg at dei ideelle arbeids- og butilhøva var for han. Han kom tilbake til Skjolden fleire gonger både på ferie og for å arbeide. Dette viser at huset fungerte godt til hans behov og var ein stad der han fekk gjort mykje arbeid, noko som òg kjem fram i etterlatne skrifter og brev.

Gjennom heile livet var det for Wittgenstein ei tett koping mellom arbeid og levemåte, og hans behov for å vere på avstand frå det akademiske miljøet i Cambridge i periodar. Dette ser vi i både utforminga av huset og plasseringa langt frå det akademiske miljøet og på sida av lokal miljøet i Skjolden. Hans behov for einsemd og arbeidsro vert tydeleg vist gjennom huset si plassering på fjellhylla over Eidsvatnet, der det ligg på god avstand frå ferdslvegane i området og i frå sentrum av bygda.

Utforminga av huset ved Eidsvatnet viser oss korleis hans tankar kring gjenstandar og dekor av ein heim vart utført i praksis. Vidare viser huset at hans behov for enkle og små rom var tydeleg allereie tidleg og den asketiske livsstilen hans frå tida etter første verdskrig var gjennomgåande for resten av livet hans. Wittgenstein førte eit omflakkande liv og budde på mange ulike stader. Felles for dei var at bustadane hans var leigde for kortare og lengre tid. Vidare var det enkle bustadar, og sjølv medan han var professor ved Trinity College budde han i dei same romma med enkel standard som han overtok då han byrja ved universitetet. Med unntak av Cambridge var dei fleste bustadane hans plassert på forholdsvis øde stadar langt frå det akademiske livet. Såleis er huset ved Eidsvatnet ein typisk representant for dei stadane han trekte seg til bake til når han hadde behov for avstand til det akademiske miljøet for å kunne skrive ned tankane sine om logikken.

Wittgenstein var involvert i to byggeprosjekt i løpet av sitt liv, huset ved Eidsvatnet og bygginga av huset til søstera Margrete Stonbourogh-Wittgenstein i Wien. Husa var bygd med svært ulik funksjon, storleik og plassering. Likevel er det interessant å sjå at vi finn att mykje av dei same tankegangane i måten husa er bygd. Fokuset på funksjon, høg materialkvalitet og fråveret av dekor er her fellestrekk med dei to husa som det er interessant å sjå på. Også før Wittgenstein bygde ved Eidsvatnet hadde han klare tankar rundt det å bu og forholdet til dekor. Det er difor interessant å sjå korleis desse tankane har gitt seg utslag i dei to så forskjellige bygningane som Haus Wittgenstein og huset ved Eidsvatnet. Sjølv om husa er ulike er ein del av prinsippa bak dei like.

Opplevingsverdi

Huset slik det framstår i dag når det er ført tilbake på sin opphavlege plass, har ein svært høg opplevingsverdi. Huset er tilbakeført slik det var då Ludwig Wittgenstein brukte det og det har svært få nyare tilføyningar. I tillegg er det gjort svært få endringar på tomta og tilkomsten, samt at omgjevnadane rundt er lite endra frå då huset var nytt. Dette gjer at heilskapen mellom tomt og hus er godt bevart noko som bidreg til at huset har stor opplevingsverdi for dei som ynskjer å sjå og oppleve korleis Wittgenstein levde og arbeidde når han var i Skjolden.

Bruksverdi

Stiftinga Wittgenstein i Skjolden har huset ope for dei som ynskjer å kome dit for å sjå og oppleve korleis Wittgenstein levde og arbeidde i Skjolden. Vidare arbeider dei med å formidle historia om Wittgenstein og Skjolden til besøkjande i området, mellom anna gjennom skilting på stien bort til huset og oppe ved huset. Huset slik det står i dag har ein god bruksverdi til dagens bruk samstundes som det toler at denne bruken vert utvida.

Oppsummering

Vestland fylkeskommune vurderer Ludwig Wittgenstein sitt hus ved Eidsvatnet til å vere eit kulturminne av nasjonal interesse. Dette er på bakgrunn av at huset var bygd av og sannsynlegvis utforma av Wittgenstein og at det var her han fekk gjort mykje av arbeidet til verket Filosofiske undersøkingar. Eigedomen har ei høg grad av autentisitet og er ei god kjelde til kunnskap om bu og arbeidsforholda til Wittgenstein.

8. Tilstand

Bygningen vart tilbakeført til opphavleg stad i 2019 og heile huset vart i den samanheng sett i stand. Huset sin tekniske tilstand er difor svært god. Stien frå Eidsvatnet og opp til huset vart òg sett i stand i 2019 og er godt vedlikehalden. Stien opp til huset er bratt og smal og det kan opplevast som utfordrande å gå den for dei som ikkje er vande med å gå på denne type stiar. Det er difor sett opp tau på enkelte parti som ein kan halde seg i når ein går til og frå huset.

9. Kjelder

Fredriksson, Gunnar	<i>Wittgenstein</i>	1994
Jeffries, Stuart	A dwelling for the gods	The Guardian 5. januar 2002
Loos, Adolf	Ornament and Crime	1913
McGuinness, Brian	<i>Wittgenstein a life. Young Ludwig 1889-1921</i>	1988
Oxaal, Ivar	<i>On the trail to Wittgenstein's hut. The Historical Background of the Tractatus Logico-Philosophicus</i>	2011
Starheim, Ottar	<i>Fylkesleksikon Sogn og Fjordane bind 3</i>	2009

Stiftinga Wittgenstein i Skjolden *Wittgensteins hus i Skjolden* (brosjyre) 2016

Stiftinga Wittgenstein i Skjolden, *Diverse rapportar om arbeidet med tilbakeføringa av huset*

Vatne, Harald, *Ludwig Wittgenstein og skjoldingane* 2017

Åmas, Knut Olav og Rolf Larsen, *Det stille alvor. Ludwig Wittgenstein og Norge 1913-50* 1994

Åmas, Knut Olav (red), Kjell S. Johannessen og Rolf Larsen *Wittgenstein and Norway* 1994

Wittgenstein, Ludwig *Den uferde dagboken, Cambridge 1930-32 og Skjolden 1936-37* Oslo 2004

Nettsider:

Sandvik, Hanna, Mønsrud, Wittgensteins hytte i Skjolden har blitt gjenreist 2019

<http://www.salongen.no/wittgensteins-hytte-i-skjolden-har-blitt-gjenreist/>